

# Programsensorrappport masterprogram i Psykologi, Det psykologiske fakultet, UiB, 2019.

## Bakgrunn.

Til grunn for vurderinga av programmet ligg:

- Programsensoravtale ved Det Psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen (vedlagt).
- Oversikt over studieprogrammet slik det ligg på nettsidene (UiB, 2019).
- Materiell om studieprogrammet sendt over frå Ingvild Blanceflor Hvidsten den 09.04 og 15.10.2019.
- Gruppesamtale med studentar i programmet den 27.11.2019.

Oppdraget er formulert i programsensoravtalen til ei vurdering av den faglege kvaliteten på studieprogramma, inkludert

1. litteratur,
2. undervisningsformer,
3. vurderingsformer,
4. læringsutbyte,
5. studieopplegg

Vidare skal «gjennomføring m.m.» vurderast.

Punkta 1-5 er gjort som ei vurderinga av *planane* for studiet. Vurderinga er gjort med grunnlag i materialet som er sendt over og programbeskrivinga. Punkta 1-5 er og vurdert med utgangspunkt i studentane sine opplevingar av studiet. Vidare er «gjennomføring» vurdert ut frå materiale innsamla i møte med studentane. Rekruttering og opptak (marknadsføring, opptakskrav, opptaksprosess etc.) er ikkje vurdert. Heller ikkje er effekt, ressursbruk, effektivitet etc., nærare vurdert i denne omgangen. Vurderingane er gjort på programnivå, og studieretningane er vurdert ut frå korleis dei passar inn i den overordna programbeskrivinga.

Den 15.10 vart eg i skjermbrev frå I.B. Hvidsten beden om i tillegg å vurdere:

- Bruk av obligatorisk aktivitet (alle program) og generelt bruken av ressurser per enkeltstudent.
- Faglige fordeler og ulemper med dagens organisering av studieretningar på de respektive programmene.

Desse punkta er vurdert fleire stader i rapporten. «Bruken av ressurser per enkeltstudent» er ikkje lett å gjere med materialet eg har fått. Skal dette kunne vurderast må ein ha oversikt over kva ressursar om vert kanalisert inn i studiet.

## Oversikt over programmet.

Studieprogrammet har 40 studieplassar (med 2 fellesemne) og tre parallelle studieretningar der resten av undervisninga skjer. Dette gjev relativt små studentgrupper i studieretningsfaga. Studieretningane har særskilte opptak. Sett bort frå utveksling og eventuelt tema for, og omfang av, masteroppgåva, er det lite valmogelegheiter når studentane først er inne i studieretningane. Programbeskrivinga, som lovar «stor valfridom i løpet av studiet» (mi utheving), tykkjest difor noko

overdriven. *Skal valfridom være noko meir enn ei programerklæring bør ein vurdere å opne for valfag, i første omgang på tvers av studieretningane.*

Alle programma ser ut til å ha greie *mogelegheiter* for utveksling.

Nedfor har eg fyrst teke for meg læringsmåla for programmet og gjort ei syntese av dei. Så har eg vurdert kor godt undervisningsformer, studieopplegg inkludert arbeidskrav, og vurderingsformer i dei einskilde studieretningane kan bidra til å realisere læringsmåla for programmet, og om eksamensformene for kvar studieretning evaluerer om mål for programmet er nådd. Litteraturen er vurdert for seg. Eg har først sett på fellesemna, så på studieretningane. Ressursane til disposisjon for oppdraget er knapp. Feiltolking av informasjon er mogeleg.

[Læringsutbytte](#) (Henta frå nettsida til studiet oktober 2019).

*Kunnskap:*

Kandidaten skal ved fullført grad:

- ha avansert kunnskap innanfor ei av dei tre studieretningane arbeids- og organisasjonspsykologi, sosial og kognitiv psykologi eller åtferd og nevrovitskap.
- ha inngåande kunnskap om dei vitskapelege teoriene og metodane i psykologifaget.

*Dugleik:*

Kandidaten skal ved fullført grad kunne:

- nytte sine kunnskar og evner på nye område for å gjennomføre avanserte prosjekt og oppgåveløysingar.
- analysere faglege problemstillingar og forskingsspørsmål med basis i psykologifaget, i faghistoria, fagtradisjonane, eigenarten til faget og plassen det har i samfunnet.
- analysere eksisterande teoriar, metodar og fortolkingar innanfor psykologifaget, og arbeide sjølvstendig med teoretisk og praktisk problemløysing.
- bruke relevante metodar for forskning og fagleg utviklingsarbeid på ein sjølvstendig måte.
- analysere og halde seg kritisk til ulike informasjonskjelder og nytte desse til å strukturere og formulere fagleg baserte resonnement.
- gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing som er i tråd med gjeldande forskningsetiske normer og reglar.

*Generell kompetanse:*

Kandidaten skal ved fullført grad kunne:

- analysere fag-, yrkes- og forskningsetiske problemstillingar innan psykologifaget.
- formidle frå eige sjølvstendig arbeid og meistre uttrykksformene i psykologifaget.
- kommunisere faglege problemstillingar, analysar og konklusjonar innanfor psykologifaget, både med spesialistar og til allmenta.
- bidra til fagleg nytenking og innovasjonsprosessar.

For å gjere fylgjande analysar enklare har eg dratt saman læringsmåla til fylgjande:  
Studenten skal:

1. Kjenne godt til vitskapelege teoriar og metodar i faga, og kunne bruke dei. i tillegg

2. Sjølvstendig og kritisk kunne vurdere og bruke informasjonskjelder for å finne, analysere og anvende teori og metodekunnskap frå fagområdet i avansert teoretiske og praktisk problemløysing.
3. Kunne gjennomføre eit sjølvstendig forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing.
4. Kunne kommunisere faglege problemstillingar med fagfolk og ålmenta
5. Bidra til fagleg nytenking og innovasjon.

### Planrasjonalitet: kan planane føre til målet?

Undervisning, Arbeidskrav og Vurdering/eksamen er fyrst presentert slik dei kan lesast ut av studieretningsbeskrivinga, så er dei vurdert ut frå bidrag til å nå læringsmål. Til sist er litteraturen vurdert. I det fylgjande er først fellesemna vurdert, så er studieretningane vurdert etter tur.

Fellesemne:

Studieretningane har eit teori- og eit metodeemne felles. Dei skal gi brei teori- og metodebakgrunn for seinare spesialisering i studieretningane:

	<b>Undervisning</b>	<b>Arbeidskrav</b>	<b>Vurdering/eksamen</b>
<b>Fellesemne: 301, 302.</b>	Førellesning, seminar, pc-lab, presentasjonar, til saman 78 timar undervisning.	Oppgåver, obligatorisk laboratoriedeltaking og presentasjonar, fleirvalsoppgåver	Skuleeksamen: (301). Godkjende arbeidskrav: (302)
<b>Læringsmål</b>	<b>Undervisning: bidrag til å nå læringsmål</b>	<b>Arbeidskrav: bidrag til å nå læringsmål</b>	<b>Vurdering: grunnlag for vurdering av oppnådde læringsmål</b>
Kjenne godt til vitskapelege teoriar	V	Oppgåver Presentasjonar	Skuleeksamen Godkjende arbeidskrav
og metodar i faga, og kunne bruke dei.	V	Oppgåver, laboratorieøvingar presentasjonar	Skuleeksamen Godkjende arbeidskrav
Sjølvstendig og kritisk kunne vurdere og bruke informasjonskjelder for å finne, analysere og anvende teori og metodekunnskap frå fagområdet i avansert teoretiske og praktisk problemløysing	V  Tidleg spesialisering i metodekurs 302 kan gje snever metodekunnskap.	Oppgåver, laboratorieøvingar, presentasjonar	Skuleeksamen Godkjende arbeidskrav
Gjennomføre eit sjølvstendig forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing.	V	Oppgåver?	?
Kunne kommunisere faglege problemstillingar med fagfolk		Oppgåver/presentasjonar	Skuleeksamen Godkjende arbeidskrav
.. og ålmenta	?	?	?
Bidra til fagleg nytenking og innovasjon.	?	?	?

#### Litteratur:

301: Har eit godt utval av klassiske og nyare artiklar, med eit lite innslag av populærvitskapelege artiklar. Det siste kan gje innsyn i korleis ein «kommuniserer faglege problemstillingar med ålmenta»

302: Har mange, uprioriterte sentrale lærebøker på planen, mens det ser ut for at bare studieretninga i «Neuroscience» har vitskapelege artiklar på leselista. I eit reint innføringskurs i metode kan lærebøker aleine rekkje, men for å vise sentrale metodediskusjonar i eit litt meir avansert emne, kan også artikkelstoff vere turvande.

#### Totalvurdering:

Begge emna står fram som greie innføringskurs som gjer brei og relevant så vel teoretisk som metodisk innføring. I 302 (metodeemnet) er det bare godkjente arbeidskrav som gjev grunnlag for evaluering av emnet (stått eller ikkje stått). Heimeeksamen og/eller skuleeksamen kan kanskje også nyttast? Emna ser ut til å gje eit greitt grunnlag for dei seinare emna i dei respektive studieretningane.

## Arbeids- og organisasjonspsykologi

Studieretningsfag	Undervisning	Arbeidskrav	Vurdering/eksamen
<b>Arbeids &amp; Org, emne: 321, 322,323.</b>	Omfattande (137 timar i studieretningsfaga) i og variert undervisning med mykje studentaktivitet. Mykje obligatorisk deltaking.	Mange og varierte arbeidskrav: Seminar, individuell- og gruppebasert oppgåveskriving, prosjektrapport, obligatorisk deltaking i undervisning.	Heimeeksamen Skuleeksamen, Refleksjonsnotat.
<b>Læringsmål</b>	<b>Undervisning: bidrag til å nå læringsmål</b>	<b>Arbeidskrav: bidrag til å nå læringsmål</b>	<b>Vurdering: grunnlag for vurdering av oppnådde læringsmål</b>
Kjenne godt til vitskapelege teoriar	V	Skriftlege oppgåver, diskusjonar, prosjektplanlegging og evaluering	Heimeeksamen/ skuleeksamen
og metodar i faga, og kunne bruke dei.	V	Skriftlege oppgåver, diskusjonar, prosjektplanlegging og evaluering	Heimeeksamen/ skuleeksamen
Sjølvstendig og kritisk kunne vurdere og bruke informasjonskjelder for å finne, analysere og anvende teori og metodekunnskap frå fagområdet i avansert teoretiske og praktisk problemløysing	V	Skriftlege oppgåver, diskusjonar, prosjektplanlegging og prosjektrapportering	Heimeeksamen/ skuleeksamen, eventuelt refleksjonsnotat
Gjennomføre eit sjølvstendig forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing.	?	Utviklingsprosjekt	Refleksjonsnotat
Kunne kommunisere faglege problemstillingar med fagfolk		Mykje skrivetrening, deltaking i undervisning,	Heimeeksamen/ skuleeksamen/ refleksjonsnotat
.. og ålmenta	Praksisemnet gir grunnlag for å kommunisere med ålmenta	?	?
Bidra til fagleg nytenking og innovasjon.		Refleksjonsnotat?	Heimeeksamen?

#### Litteratur:

322: Har ei rekkje norske og utanlandske *bøker* på leselista utan at dei snaut 2000 sidene i desse bøkene er prioritert. I tillegg er det inkludert grei liste med artikkelbasert faglitteratur.

323: I dette emnet (Praktisk utviklingsarbeid og rolla som intern og ekstern utviklingsagent..) er det bare ei bok frå 2000 på leselista. Dersom det ikkje er dekkja i dei andre emna i studieretninga, bør ein vurdere å ta inn stoff som i større grad tek opp diskusjonen av vitskapelege fundament for praktisk utviklingsarbeid, og ikkje minst litteratur som diskuterer rolla som «utviklingsagent». Ethiske, legale og moralske sider av mål og metodar for utviklingsagentarbeid bør vere med på mastergradsnivå.

321: Her er ei lærebok og ei rekkje artiklar på leselista. Dei synest å fylle ein annan godt ut.

#### Totalvurdering:

Studieretninga har praksisfokus med vekt på å lære teori og metode for å utvikle dugleik i å arbeide med organisasjonspsykologisk utvikling, og mykje krav til obligatorisk deltaking i undervisning. Undervisning, pensum og arbeidskrav er lagt opp for å nå relevante læringsmål, og prøveformene gir grunnlag for å evaluere om læringsmål nås. Det er ikkje munnleg eksamen. Prøving av munnleg dugleik ligg i arbeidskrav, ikkje i eksamen, og innlæring av (og dokumentasjon av) evne til å kommunisere med ålmenta ligg i praksisemnet. Er ikkje etisk/moralske/juridiske sider av endringsagentarbeid dekkja i studieretninga (det viser ikkje i det framlagde materialet) bør ein vurdere å leggje det inn.

## Åtferd- og nevrovitskap

Studieretningsfag	Undervisning	Arbeidskrav	Vurdering/eksamen
<b>Åtferd- og nevrovitskap, emne 319A, 319B</b>	147 timar variert undervisning, førelesningar, demonstrasjonar, laboratorieøvingar, førebauande undervisning, seminar.	Obligatorisk deltaking i ei rekkje undervisnings- og laboratorieøvingar. Skrivning av refleksjonsnotat.	Skuleeksamen
<b>Læringsmål</b>	<b>Undervisning: bidrag til å nå læringsmål</b>	<b>Arbeidskrav: bidrag til å nå læringsmål</b>	<b>Vurdering: grunnlag for vurdering av oppnådde læringsmål</b>
Kjenne godt til vitskapelege teoriar	V	Arbeidskrava ser ut til å vere mest knytte til laboratorieøvingar	V
og metodar i faga, og kunne bruke dei.	V (Mykje laboratorieøvingar)	Laboratorieøvingar	V
Sjølvstendig og kritisk kunne vurdere og bruke informasjonskjelder for å finne, analysere og anvende teori og metodekunnskap frå fagområdet i avansert teoretiske og praktisk problemløysing	Presentasjonsdag, deltaking i seminar	Presentasjonsdag, deltaking i seminar	
Gjennomføre eit sjølvstendig forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing.	Vesentleg laboratorieøvingar	Laboratorieprosjekt	
Kunne kommunisere faglege problemstillingar med fagfolk	Studentdeltaking i undervisning	Deltaking i Skrivning av prosjektrapportar og refleksjonsnotat	V
.. og ålmenta	?	?	-
Bidra til fagleg nytenking og innovasjon.	?	Seminardeltaking med presentasjonar	

Litteratur: Åtferd- og nevrovitskap:

319B: Har grei blanding av to lærebøker og eit utval sentrale artiklar.

319A: Har et omfattande utval bokkappittel og artiklar.



**Totalvurdering:**

Studieretninga har eit teori/forskingsfokus med sterk vekt på dugleik i laboratoriearbeid og kommunikasjon i forskingsgrupper samt obligatorisk deltaking i undervising. Innlæring og evaluering av denne dugleiken er lagd til arbeidskrav. Evaluering (eksamen) er bare korte skuleeksamenar som vesentleg gir grunnlag for å vurdere kjennskap til teori og metode, og i litt mindre grad evne til å kommunisere med fagfolk, men mykje mindre grunnlag for å vurdere dei andre læringsmåla. Det synes ikkje å vere fokus på dugleik i å kommunisere med ålmenta.

## Sosial og kognitiv psykologi

Studieretningsfag	Undervisning	Arbeidskrav	Vurdering
<b>Sosial og kognitiv psykologi, emne 303, 304</b>	85 timar førelesing, bedriftsbesøk, presentasjon og diskusjon av eigne og andre sine arbeid	Bedriftsbesøk Notat frå forskingspraksis Presentasjonar	Heimeeksamen
<b>Læringsmål</b>	<b>Undervisning: bidrag til å nå læringsmål</b>	<b>Arbeidskrav: bidrag til å nå læringsmål</b>	<b>Vurdering: grunnlag for vurdering av oppnådde læringsmål</b>
Kjenne godt til vitskapelege teoriar	V	Emneoppgåve Notat frå forskingspraksis	Heimeeksamen
og metodar i faga, og kunne bruke dei.	V	Emneoppgåve Notat frå forskingspraksis	Heimeeksamen
Sjølvstendig og kritisk kunne vurdere og bruke informasjonskjelder for å finne, analysere og anvende teori og metodekunnskap frå fagområdet i avansert teoretiske og praktisk problemløysing	V	Emneoppgåve Notat frå forskingspraksis	Heimeeksamen
Gjennomføre eit sjølvstendig forskings- eller utviklingsprosjekt under rettleiing.	V	Forskningsprosjekt	
Kunne kommunisere faglege problemstillingar med fagfolk	V	Munnlege presentasjonar av forskingsprosjekt,	Heimeeksamen
.. og ålmenta	?	-	?
Bidra til fagleg nytenking og innovasjon.	V	Forskningsprosjekt	Heimeeksamen?

## Litteratur:

303: Har ei blanding av artiklar og bokkapittel som ser ut til å dekkje dei spesielle tema som tas opp.

304: Har ei omfattande liste nyare artikkelbasert litteratur frå temaet som tas opp.

**Totalvurdering:**

Studieretninga for Sosial- og kognitiv psykologi synest å ha eit klart forskingsfokus med vekt på å kunne planlegge (og gjennomføre) forskning innan dei utvalde områda. Så vel undervisning som arbeidskrav byggjer opp om det. Begge emna i studieretninga har heimeeksamen som gjev godt grunnlag for å teste kor godt studentane når ein del av læringsmåla, mens sjølvstendigheit i arbeidet ikkje er like godt testa. Kommunikasjon med ålmenta synes ikkje å vere prioritert.

## Studieprogrammet sett frå studentane si side:

Studentane fortel om stort sett greie studieretningar innan programmet. Dei blir innført i sentrale teoretiske og metodiske emne i faga, men det er ikkje alltid like lett for dei å sjå ein klar overordna samanheng i faga. Masteroppgåva gir grei trening i å arbeide sjølvstendig, gjennomføre prosjekt, og gjere fagleg nybrottsarbeid. Dei får grei trening i å kommunisere fagleg. Men sett bort frå litt i praksisdelen i arbeids- og organisasjonspsykologi, er det ikkje undervisning i og trening i å kommunisere med ålmenta.

Når det gjeld vurdering/eksamen meiner dei at mykje kan betrast for å få ei betre testing av nådde læringsmål. Dei nemner særskilt så vel felles metodeemne (302) som emna som er slått saman av tidlegare uavhengige emne.

Utveksling er vanskeleg å passe inn i studieplanane, og valmogelegheiter finst det lite av. I felles metodeemne (302) vel dei metodespesialisering, og der meiner dei at dei må velje før dei veit kva dei skal skrive masteroppgåve om, slik at mange vel feil spesialisering.

Studentane meiner at dei har innverknad på utforming av studia, fyrst og fremst i formelle organ, men dei nemner fleire eksempel på at studentane ikkje vert nok tekne nok omsyn til når dei kjem med konkrete innspel om pensum, avvikling av undervisning, eksamen og så vidare.

Studieprogrammet kallar dei eit lappeteppe. Sett bort frå fellesemna er studieretningane siloar med lita utveksling mellom retningane. Einskilde år fortel dei at studentane har kontakt med heile kullet, andre år held retningane seg for seg sjølv. Hovudinntrykket deira er vidare at om ein student vel feil studieretning, er det svært vanskeleg å byte til ein av dei andre to retningane.

Studentane melde vidare at dei hadde sett lite aktiv marknadsføring av studiet (studieretningane) overfor potensielle søkarar, også til bachelorstudentar på UiB.

Arbeids- og organisasjonspsykologistudentar såg relativt lyst på å få arbeid etter avslutta utdanning, medan det var så å seie bare forskingsstillingar (stipendiat) som var aktuelle for åtferd- og nevrovitenskap. Dei nemnde undersøkingar som viste at kandidatane frå sosial- og kognitiv studieretning stort sett hadde relevant arbeid to år etter utdanninga, men det kunne ta tid å finne arbeid.

## Oppsummering programmet

Litteraturen i programmet er omfattande, oppdatert og ei grei blanding mellom bøker og artiklar. I dei fleste emne ser det ut til å vere nok spennvidde i litteraturen til at studentane får «kjennskap til teori og metode...». Gjennom breidda i litteraturen kan dei også få trening i å «sjølvstendig og kritisk kunne vurdere og bruke informasjon...». Litteraturen er til dels så oppdatert at han også bør kunne leggje grunnlag for at studentane kan «bidra til fagleg nytenking og innovasjon». I 323-emnet er litteraturen ei bok som nok kan bidra til at studentane kan «gjennomføre eit sjølvstendig utviklingsprosjekt».

Undervisninga i programmet er variert og med ein heil del studentaktivitet og arbeidskrav som byggjer opp under innlæringa.

Vurderingsformene og eksamen er til dels tilpassa læringsmål. Einskilde emne kan gjerast betre.

Læringsmålet «å kunne kommunisere faglege problemstillingar med ålmenta» gjer ein lite for å nå.

Det er svært lite valmogelegheiter, og det er ikkje lett for studentane å få til utveksling. Det er svært vanskeleg å byte studieretning innan programmet.

Retningane for arbeids- og organisasjonspsykologi og åtferds- og nevrovitskap har mykje obligatorisk fram møte. Arbeids- og organisasjonspsykologi og til dels Åtferd og nevrovitskap har mykje obligatoriske oppgåver og aktivitetar.

Studentane fortalde at søking og opptak til kvar studieretning innan programmet varierte mykje frå år til år. Dagens organisering av masterstudieprogrammet (40 studieplassar) med tre parallelle studieretningar, fører då med seg at programmet er robust ved skiftande søking til dei einskilde studieretningane.

Ulempene med dagens organisering med bare to fellesemne, og ingen andre fellesfag/felles valfag, er at kvar studieretning er lita med relativt stor ressursbruk per student. Vidare avgrensar ordninga med særskilt opptak til studieretningane studentane sine mogelegheiter til å skifte studieretning om dei vel feil retning.

Stavanger 01.12.2019

Torvald Øgaard

## Vedlegg: Programsensoravtale.

### **Programsensoravtale ved Det psykologiske fakultet, Universitet i Bergen**

Torvald Øgaard er oppnevnt som programsensor for masterprogrammet i psykologi. Oppnevningen gjelder for 4 år fra 01.01.2018 til 31.12.2021.

Ekstern programsensor er et ledd i Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem, der fakultetene oppnevner en ekstern fagfelle som har særskilte oppgaver knyttet til evaluering av et eller flere studieprogram.

#### **Oppgaver**

Avtalen omfatter følgende arbeidsoppgaver:

- Vurdering av den faglige kvaliteten på studieprogrammene: litteratur, undervisningsformer, vurderingsformer, læringsutbytte, studieopplegg og gjennomføring m.m.
- Skrive en årlig rapport som skal leveres innen 1. desember. Oppdrag/tema for den årlige rapporten skal være klart fra fakultetet sin side senest innen 1. juni hvert år.

Se fullstendige retningslinjer for programsensor ved Universitetet i Bergen i vedlagte appendiks.

#### **Honorar**

Årlig honorar for programsensor er 16.500 kr og blir utbetalt etter at rapport er levert 1. desember.

Honoraret signaliserer et totalt arbeidsomfang hvert år på maksimum 2 (to) dager.

#### **Reiser**

Reiser dekkes etter statens satser, med inntil 7500 kr årlig. Programsensor må selv bestille reise og eventuelt opphold. Retningslinjene for programsensor ved UiB sier at programsensor minst en gang i funksjonsperioden bør møte studenter og ansatte.

#### **Kontaktpersoner**

Programsensors kontaktpersoner ved Det psykologiske fakultet vil være programansvarlig for studieprogrammet, og administrativ koordinator for programmet. Ved avtalens inngåelse er dette:

##### **Programansvarlig:**

Navn: Katharina Wolff (ut vårsemesteret 2019) og Bjørn Sætrevik

Telefon/e-post: tlf 55588623, [Katharina.Wolff@uib.no](mailto:Katharina.Wolff@uib.no) og tlf 55588683, [Bjorn.Satrevik@uib.no](mailto:Bjorn.Satrevik@uib.no)

##### **Programkoordinator:**


Navn: Ingvild B. Hvidsten


Telefon/e-post: tlf 55583936, [ingvild.hvidsten@uib.no](mailto:ingvild.hvidsten@uib.no)

Oppsigelse

Avtalen kan sies opp av begge parter innenfor perioden. Det gjelder en gjensidig oppsigelsesfrist på én måned. Utført arbeid i oppsigelsesåret utbetales basert på innmeldt timeregnskap for utført arbeid.

26.02.19  
dato  
  
navn  
programsensor

18.03.19  
dato  
  
navn  
dekan

15/3-19  
dato  
  
navn  
fakultetsdirektør